

# ÅRSMELDING for LYE FORSAMLINGSSTYRE 2015



## Helsing og innleiing

Lye Forsamlingsstyre vil takka alle våre medarbeidarar for eit godt år i 2015!

Vår visjon er som før: Vi ønsker at alle på Lye må bli betre kjende med Jesus Kristus.

Forsamlingsstyret er styre for alt fellesarbeid på Lye Forsamlingshus. Fellesarbeidet omfattar barnarbeid, ungdomsarbeid og vaksenarbeid, og er noko alle eigarane har del i. Mange legg ned ein stor innsats i dette arbeidet, og styret vil rette ei stor takk til alle som har deltatt i dei ulike arbeidsgreinene og tenestegruppene dette året!

## Samansetninga av styret:

Forsamlingsstyret fram til årsmøtet i 2015:

Arne Heggheim	leiar
Eivind Stene	nestleiar
Olaug Bjelland	styremedlem
Knut Jarle Hjørnevik	styremedlem

Forsamlingsstyret frå årsmøtet i 2015:

Arne Heggheim	leiar
Geir Tore Salmelid	nestleiar
Eivind Stene	styremedlem
Hildegunn Undheim	styremedlem

I tillegg møter forsamlingsprest Gunnar Frøyland og daglig leiar Sigurd Idland (som er sekretær) i forsamlingsstyret. Ungdomsarbeidaren (Helge Ask skuleåret 2014/15 og Anders Høgsås (frå august 2015) har òg møterett, og møter når det er saker som gjeld ungdomsarbeidet.

Forsamlingsstyret si oppgåve er å tene og leie forsamlinga. Overordna mål for arbeidet er å legge til rette for at visjonen skal bli nådd.

Forsamlingsstyret har i 2015 hatt 11 ordinære styremøte og behandla 71 saker. Det har ikkje vore fellesmøte mellom forsamlingsstyret, husstyret og Time sokneråd i 2015.

## Tilsette

Forsamlingsstyret lønner stillingar gjennom givarteneste. I 2015 har dette vore:

- Ungdomsarbeidar i 50 % stilling:
  - 1.1-31.7: Helge Ask
  - 17.8-31.12: Anders Høgsås
- Daglig leiar/forsamlingsutviklar i 100 % stilling:
  - Sigurd Idland

## Gudstenester og søndagsskule

Gudstenester annankvar søndag er hovudsamlinga for fellesarbeidet på Forsamlingshuset, for forkyning og fellesskap. Dette er ein viktig møteplass og målet er at gudstenestene skal fungere som ein inngangsport til fellesskapet på Forsamlingshuset.

Vår sokneprest Gunnar Frøyland har vore prest på dei fleste gudstenestene. I tillegg har prost Kjell Børge Tjemsland og Bryneprest Stein Ødegård hatt enkelte gudstenester. Esperanza Idland, Svein Kåre Harestad og Terje Slettebø har vore med som talar kvar sin gong.

I vårsemesteret hadde me tre ulike temaseriar:

- 1) Små fellesskap (3 gudstenester)
- 2) Bønn (3 gudstenester)
- 3) Diakoni (3 gudstenester)

Gudstenestene er varierte med bruk av mange sansar, via bilete og film på projektor, variert musikk, kreativ gruppe, drama og mykje meir. Vi vil rette ein hjartelig takk til kvar enkelt som har vore med gjennom dei enkelte tenestegruppene!

Søndagsskulen gir barna eit fellesskap med både trusopplæring og aktivitetar. Søndagsskulen er òg ei viktig arena for leiaropplæring for unge leiarar. Meir om søndagsskulen i eiga årsmelding.

### Gudstenestestatistikk for 2012-2015:

	Gudst	Personar	Snitt	Nattverd-gudst	Nattverd-gjester	Snitt	Dåps-gudst	Dåps-barn	Kol-lektar	Beløp	Snitt
<b>2012</b>	21	2689	128	11	1087	99	0	0	18	kr 74 187	kr 4 122
<b>2013</b>	21	2653	126	12	1096	91	6	7	19	kr 86 200	kr 4 537
<b>2014</b>	20	2759	138	11	1177	107	1	2	18	kr 91 841	kr 5 102
<b>2015</b>	22	2812	128	12	1141	95	5	8	22	kr 103 201	kr 4 691

### Spesielle arrangement i 2015

- 12. april var det stor stas på forsamlingshuset då dåpsforeldra Tine Braut og Morten Thu overraska alle ved å gifta seg etter gudstenesta. Dette er **første vigsel** på forsamlingshuset, og Stein Ødegård var prest.
- Fleire frå forsamlingsstyret var med på **kyrkjelydsutviklingskurset FOKUS** på Himmel og Hav i september, og dette var veldig inspirerende for arbeidet vårt.
- **Vaksenfesten** 26. september hadde 70 påmeldte deltakarar, og blei ein flott fest.
- 15 deltakarar frå Lye forsamlingshuset var påmeldt på **Global Leadership Summit** 6.-7.-november i Grødem kyrkje. Dette er eit leiarseminar i regi av Willow Creek Noreg, og styret er glad for alle som deltar på dette.
- **Julespelet** «Jul på Lye 2» blei framført i aulaen på Lye skule tredje søndag i advent.
- Fjerde søndag i advent blei det arrangert «**Me syng jula inn**» for heile forsamlinga med mange av dei kjære julesongane.

## Tenestegrupper

Forsamlingsstyret gler seg over alle som har deltatt i tenestegrupper og fått tent i samsvar med nådegåvene sine. Forsamlingsstyret gler seg og over at fleire av tenestegruppene har ein leiar som har ansvar for at tenestegruppa både har eit åndeleg og eit praktisk fellesskap.

Det er starta opp eit nytt tilbod i år: **Språkkafeen**, som gir språktrening i norsk for innvandrarar, starta opp i desember 2015. Dette er ei utadretta verksemd, som har utvida forsamlinga si kontaktflate.

### Tenestegrupper og andre tenester i 2015 - med leiar:

Område	#	Tenestegruppe	Leiar
<b>BARN og UNGDOM</b>	1	Agape	Magnhild Sørлие
	2	Barnegospel	Ragnhild Hanssen
	3	JuniorKro	Sigurd Idland
	4	Lykkeliten open barnehage	Marianne Hauge
	5	Lye Blå Kors Speidar	Trygve Netland
	6	Sundagsskule	Sigurd Idland
	7	Fredagskvelden	Anders Høgsås
	8	Itte skuletid	Sverre Frantzen
	9	Lovsongsband	Tom Carlos Slettebø
	10	Ungdomsbibelgrupper	Svein Kåre Harestad
<b>GUDS-TENESTE</b>	11	Bollebakarar	Forsamlingsstyret v/Sigurd Idland
	12	Kjøkkenteneste	Forsamlingsstyret v/Sigurd Idland
	13	Kreativ gruppe	Brit Ege Aarsland
	14	Lyd	Asbjørn Aarsland
	15	Møtevert	Ingjerd Finnbakk
	16	Nattverd	Arne Heggheim
	17	Møteleiing/planlegging	Gunnar Frøyland
	18	Projektor	Eirik Pettersen
	19	Song og musikk	Ragnhild Hanssen
<b>ANDRE TENESTER</b>	20	Alpha leiargruppe	Sigurd Idland
	21	Bønnegruppe	Annbjørg Bjelland
	22	Bønneteneste	Vigdis Frøyland
	23	Diakoni	Annbjørg Bjelland
	24	Mediatek	Torill Sandsmark
	25	Moskus	Stein Magne Paulsen
	26	Onsdagsmøte	Morten Slettebø
	27	Smågrupper	Hildegunn Undheim
	28	Språkkafé	Esperanza Idland
	29	Strikkekafé	Lillian Hjørnevik
	30	Web-redaksjonen	Dag Henrik Fosse
	31	Økonomi	Eivind Stene

<b>NØKLAR, UTLEIGE, REINHALD og VEDLIKE- HALD</b>	32	Utleigekontakt	Elfinn Bjånes
	33	Nøkkelansvarleg	Jone Ueland
	34	Reinhold/innkjøp	Solveig Heggheim
	35	Vask av dukar	Margunn Sola
	36	Vask av handklede	Inger Åsine Ueland
	37	Vask før gudsteneste	Solomun Gebramariam Tesfat
	38	Vaskeliste	Jone Ueland
	39	Vedlikehald	Trond Heskestad
<b>STYRER</b>	40	Forsamlingsstyret	Arne Heggheim
	41	Husstyret	Ole Hauge

## Andre viktige saker i 2015

Viktige saker som styret har arbeidd med er lista opp punktvis:

- **Ny ungdomsarbeidar:** Då Helge Ask takka nei til tilbodet om å forlengja sitt engasjement som ungdomsarbeidar, blei Anders Høgsås tilsett som ny ungdomsarbeidar frå 17.8.15.
- **Planar om å utvida forsamlingshuset:** Etter vedtak frå årsmøtet i 2015, har forsamlingsstyret nedsett ein komité som har begynt arbeidet med å planlegga ein kyrkjedal i tilknytning til forsamlingshuset.
- **Alpha:** Forsamlingsstyret har bestemt at vi skal satse på Alpha-kurs og ein komité har i haust jobba med å førebu dette. Dette er ei erkjenning av at vi ikkje veks som forsamling, og vi håpar at Alpha-kurset vil bidra til vekst.
- **Økonomi:** Rekneskapen gjekk ca 75 000 kr i underskot. Givartenesta enda på kr 650 250,- mot budsjettet kr 760 000,-, og kr 647 800,- i 2014. For 2016 blir 20 % av stillinga til dagleg leiar/forsamlingsutviklar dekkja av Time kyrkjelege fellesråd, mot 10 % i 2015.

## Valkomité

Valkomiteen har sidan førre årsmøte vore Solveig H. Hetland (leiar, vald i 2013), Willy Finnbakk (vald i 2014) og Kari Stokka (vald i 2015).

## Til minne

Eivind Stene gjekk bort i november dette året. Han var sittande medlem i forsamlingsstyret for sjetten året på rad, det meste av tida som nestleiar. Me vil uttrykke ein stor takk for alt Eivind fekk utrette for fellesskapet vårt, og lyser fred over hans minne!

---

Arne Heggheim

*Leiar Lye forsamlingsstyre*

Geir Tore Salmelid

*Nestleiar*

Hildegunn Undheim

*Styremedlem*

---

Sigurd Idland

*Sekretær/dagleg leiar*

Gunnar Frøyland

*Sokneprest*

---